



*Som me har orienterte om før så skal elevane på 6. trinn få iPad til bruk i skulen og til heimearbeid. Denne vil dei få i veke 17 og klassane vil få opplæring 26. – 28. mars. Det er viktig at dei føresette les reglementet nedanfor og skriv under på dette.*

### **Reglement for bruk av læringsbrett**

iPaden er skulen sin eidegom og elevane må ta godt vare på den og behandla den på ein forsvarleg måte, på lik linje med anna materiell som er skulen sin eidegom.

iPaden skal alltid oppbevarast i omslaget som følgjer med.

Elevane skal sørga for at Ipaden alltid er opplada når dei kjem til skulen.

iPad og ladar er merka med brukarnamnet til eleven. Dette må ikkje fjernast.

Elevane opprettar apple-ID frå ei kommunal e-postadresse – og det er berre den som skal nyttast.

Elevane kan ikkje lasta inn spel og appar utan avtale med skulen.

Føresette kan bli erstatningsansvarlege for iPaden etter Skadeerstatningslova § 1 – 2 første og andre ledd. Dette betyr at dersom eleven har øydelagt sin eigen eller andre sin iPad med vilje, kan foreldra bli erstatningsansvarlege med inntil 3500,- kr.

---

Eg har lese informasjonen og er orientert om kriteria for handtering og bruk av iPad i Kleppskulen.

---

Signatur elev

---

signatur føresett